

# BOKN BYGDABLAD

NR. 1 - FEBRUAR 1997 - ÅRG. 12

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## OMORGANISERING I KOMMUNEN

### HAR TATT TID

Bokn kommune har dei seinare åra hatt ein prosess med gjennomgåing av både den politiske og administrative organiseringa av kommunen. Rett før årsskiftet 1993/94 vart ei mindre omorganisering vedtatt. Det gjekk ut på at barnevern og kultur som ei midlertidig ordning skulle leggjast til skuleetaten. I 1995 vart det så vedtatt at den politiske delen skulle omorganiseras slik at det utanom formannskap og kommunestyre berre skulle vera to større styre - **forvaltningsstyret og driftsstyret.** Saker tilhøyrande forvaltningsstyret er hovudsakleg det som tidlegare gjekk inn under teknisk styre og bygningsråd. Når det gjeld driftsstyret erstattar dette i hovudsak tidlegare skulestyre, helse- og sosialstyre og kulturstyre.

Etter at dette var kome på plass, var det meininga at den administrative delen også skulle fylgja etter. Våren 1996 hadde formannskapet eit ferdig forslag på korleis den administrative leiarstrukturen kunne organiseras. Det var imidlertid fleire uttalar til formannskapet sitt utkast - særleg frå arbeidstakarorganisasjonar som

peika på at dei ikkje hadde fått vore med på prosessen.

Hausten 1996 vedtok difor formannskapet å ta ein ny runde kor arbeidstakarorganisasjonar og tilsette skulle vera meir med i utarbeidinga. Det vart også gjort ein avtale med eit konsulentfirma som skulle hjelpa kommunen i planprosessen.

Resultatet av dette arbeidet er nå at Bokn kommunestyre den 14. januar 1997 vedtok ny administrativ leiarstruktur. Vedtaket var samrøystes.

### HOVUDPUNKT

- \* Kommunen si øverste leiging er rådmannen saman med ei leiargruppe.
- \* Under rådmannen skal det vera ein stab med ulike fagområde spesialfunksjonar innan område som økonomi, personal, plan/utvikling, landbruk, miljø/friluftsliv og lærlingar.
- \* Under rådmannen skal det vera ein seksjon for fellestenester/servicebutikk som skal ha som arbeidsområde m.a. å driva informasjon, og enkel saksbehandling innafør alle område i tillegg til det arbeidet framh. s. 2

## OMORGANISERING, framh. frå s. 1

som vert drive i ekspedisjonen i dag.


Stab og fellestenester utgjer til saman sentraladministrasjonen.

- \* Øvrige tenestetilbod i kommunen skal liggja i ein flat struktur med ein leiar for kvar seksjon. Seksjonane er undervisning, barnehage, kultur, helse, sosial og teknisk.
- \* Etatsjefstillingane blir nedlagde, og personane i desse stillingane vert leiarar for sine seksjonar.

Seksjonsleiarar skal kunna trekkast inn i rådmannen sin stab etter behov. Det skal også utarbeidast stor grad av delegering. Meininga er også at brukarane skal kunna få betre service.


Den politiske strukturen kor forvaltningsstyre og driftsstyre erstattar den tidlegare modellen med fleire sektorstyre held fram i same form som i dag.

Det står ennå ein god del arbeid att for å få alle brikkene på plass. Dette vil pågå resten av året.



# OPTIMISME I DET LOKALE NÆRINGSLIVET

## BOKN PLAST TRENG OGSÅ ARBEIDSFOLK



Skal ein tru på uttaler frå representantar for næringslivet i Nord-Rogaland og på Nord-Jæren, så går det så det susar. Gode ordrebøker og etterspørsel etter arbeidskraft. Dei lokale arbeidskontora har ikkje hatt så lita registrert arbeidsløyse på nesten 10 år.

Optimismen her i nordfylket har samanheng m.a. med store prosjekt innan gass i tilknytning til Kårstø, aluminiumfabrikken på Karmøy, i verkstadindustri og handelsnæringa. Men det er også ei generell optimisme innan mange andre næringar.

### **LEDIGE JOBBAR**

For dei som les "stilling ledig" annonsene i lokal presse, er det godt synleg at etterspørselen etter arbeidskraft er stor i vårt fylke. For nokre veker sidan var det ein laurdag

8 sider med ledige stillingar i Stavanger Aftenblad. Same dagen var det 3 sider med stilling ledig annonser i Haugesunds Avis.

### **OGSÅ I BOKN**

I Bokn søker Bokn Plast etter medarbeidarar. Gunnar Eide ved Bokn Plast seier til bygdabladet at bedrifta alt har tilsett eit par personar, men treng fleire. Dei har nettopp ferdigstilt og levert komponentar til eit renseanlegg for eit kôlkraftverk i Indonesia.

Dei ventar elles på snarleg avgjerd på eit anbud dei har inne på produksjon av røyrleidningsgsbeskyttarar på sjøboten på Ekofisk. Her kan det også bli fleire oppdrag.

Det er også venta at legginga av Europipe gjennom Bokn vil kunna gi ringverknader både på kort og kanskje på lengre sikt.

## FRÅ MI JORDMORTID

Karen Thorsen i Sandnes, som har fylt 87 år, skreiv dette for Årbok for Jæren 1952 på jærmål. Når det har interesse for Bokn Bygdablad, er det fordi Karen Thorsen, f. Mossige, fortel om då ho var jordmor i Bokn. Tida ho fortel om må ha vore ein gong mellom 1880 og 1890. Bygdabladet har fått kopi av historia hos Målfrid Kro Trosnavåg:

- Eg va' i 20-års alderen, og eg hadde den mesta ti'o gje'e heima og hadde lært det mesta av husarbeie. Det va te spinna, veva og spøda og koga den maden som me brukte i dei daene. Så kom eg på om eg sko prøva å få en meir sjølstendige stilling. I den ti'o va der lide råd for ei jenta te få en uddannelse. Så fekk eg den innskjudelsen at eg sko prøva te koma inn på jordmorskulen i Bergen. Det va' sjelden at nogen tog den uddannelsen i dei daene. Eg bestemte meg te gjera alvår av det, gjekk te prest og lensmann og skaffa meg attesta, sende dei så te' Bergen og fekk snart beskjed om, at eg va opptogen. Men så kom det et anna spørsmål: Det måtte skaffast 5 - 600 krone, og dei sad fastare i hånno i dei daene enn i vår tid. Men det gjekk fint. - Men det va' mange så undrast på, kæ eg kunne finna på. Ei uddande jordmor va' her lide brug for. I slege tilfelle henta folk ei hjelpekona, og hu gredde det fint. Konene sette store æra i te verta henta i et slikt tilfelle. Ja, ja, te Bergen kom eg, på skulen

gjekk eg, og eg fekk eksamen og reiste heimatte med en båd så sikkert hette "Vikingen". Fira krone kosta den turen, men han va itte prisen au. Då eg kom te Stavanger, gjekk eg te amtmann Morgenstjerne og viste pappero mine. Kanske der kunne vera en ledige post. Men amtmanden sa'e: -Her er bara småposta ledige. Men eg kunne få enn, te det kom en bere. Og så vart det Bokn eg fekk, to timas reis frå Stavanger. Då bejynte alvåret te mella seg.

Eg fekk ta inn i Førresvik, der fekk eg leia meg ei stova i et sjøhus så sto titt atte med sjøen, kalt, mørkt og ukoseleg på adle måda. Men det var då tåga øve hæve.

Nå sko' eg mella meg te' ordføraren, her budde verken prest elle' lensmann, dei hadde me i Kobarvig. Men ordføraren visste eg lide te finna. Inkje va' her veg, bara en liden dabbeveg øve heila øyno. Eg fekk en gutt te fylgja meg. Då me hadde gje'e et stykkje, peigta guten og sa'e: "Der e' huse' te' Torland så e' ordførar, ja nå kan du finna veien sjøl".



Då gutten va gje'en, sette eg meg på ein steidn og led tårene få fritt løb.

**FRÅ MI JORDMORTID..** frå s.  
Det va' så det kvilte litt, eg hilt på te myssa mode og tenkte: Her kan du verta veranne både lengje og væl, denne jordmorveien eg valde - det sko' eg inkje gjort.

Eg kom te' ordføraren, han tog fint i mod meg og trøsta meg, ja tenk, det letta. Så for eg heim te' sjøhuse' mitt.

Det va' inkje så lengje før eg fekk bejynna te praktisera, men det såg travelt ud å ta te' fods øve mark og myra. Når veien vart altfor lange, kom dei på hestaryggjen og henta meg. Det va' en grei'e befording, totte eg, bære enn å sedja seg i framskoden i en liden båd. Mannen kunne springa med sio av hesten. Når eg va' færige te ria heim atte,

spure dei kæ eg sko' ha for bryet, om eg kunne ta fisk elle udel i sta'en for penga. Ja hadde udlo hatt den prisen så i våre da'e, kunne det vorte en fine sjeling. - Så vart eg en gong henta te' en sta' inkje alt va så det sko vera, badne såg slapt og dølgjande ud. Dei så sto med sio og såg på, trudde badne va døtt. Eg tog fatt med opplivningsforsøg, og om litt skreig gutten. Då vart det forondring. Fine reklame, tenk den nya jordmoro fekk liv i et badn så va døtt. Ei æra kan en få ganske uforskylt.

Eg va' i Bokn bara ett år. Så blei posten i Time ledige, den søkte eg, og fekk han au. Då tenkte eg: Ja nå verte det vel slutt på fisk og udel, eg vil komma i rommelege forhall.

### **"TREKNING I MUNNVIKA"**

Med sitt vedtak om å legge ned fylkeskommunen, har Høyre økt avstanden til Senterpartiet ytterligere. Det er vel bare et tidsspørsmål før sirkelen er sluttet og partene møtes igjen - på andre siden av kloden? Ikke rart at lederen i sin tale minnet om Sp-tingmannen *Eliseus Vatnaland* som en dag ble hilst med et muntert "God morgen!"

"Kva meiner du med det?" spurte Vatnaland.

Vatnaland var forresten samtidig med Leirfall som heller ikke alltid var like god på morgenkvisten. En morgen var han i meget dårlig humør over en sak hans parti hadde hatt fore. Da han kom inn i garderoben i Stortinget, møtte han daværende lagtingspresident Arne Strøm, som smilte til Leirfall og sa "Morn". Leirfall så kvasst på Strøm og sa: "Ka du flire ta, du?" "Flirer?" sa Strøm, "jeg smilte da bare". Da sa Leirfall: "Æ ska sei dæ ein teng, Arne Strøm! I dag e de ei sånn dag som det står om i Njåls saga - sjøl ein trekning i munnvika e drapsgrunnlag!".

*Joffen i Fædrelandsvennen*

## **EUROPIPE II - traséen over Bokn endelig bestemt.**

**Onsdag 11. desember besøkte Stortingets Nærings- og Miljøkomite Bokn. Like etter bestemte Stortinget at Europipe II skulle følge den traséen som Statoil hadde foreslått, dvs. fra Kårstø over Falkeidflæet til Austre Bokn, videre over Austre Bokn, Boknasundet, Vestre Bokn og ut i sjøen ved Trosnavåg for så å gå sørover i Karmsundet mot Dornum i Tyskland.**

Dette var kanskje den beste julegaven både Statoil og Bokn kommune kunne ha fått, og nå kan alle krefter settes inn på å få gjort en skikkelig jobb i de berørte områdene. Etter juleferien har Statoil hatt et møte med Kystverkets 2. distrikt for å avklare en del forhold rundt traséen over Falkeidflæet og et møte med Fylkeskonservatoren for å få en nærmere redegjørelse for hvilke begrensninger de arkeologiske funnene setter for gjennomføringen av prosjektet. Det er også foreslått en traséjustering vest på Vestre Bokn, og i den forbindelse er høringsfristen til reguleringsplanen utsatt til 7. februar.

### **Grunneiere**

De fleste berørte grunneiere er blitt eller vil bli besøkt i de nærmeste dagene. Vi er spesielt interessert i å få avklart om det finnes drenerør, ledninger, eller andre installasjoner i terrenget som berøres av rørtraséen som ikke framgår av offentlige kart eller beskrivelser. Dette for å unngå at det oppstår unødig skade. I tillegg ønsker vi å få avklart grunneiernes ønsker, behov eller planer for de områdene traséen berører slik at dette mest mulig kan tilpasses anleggsarbeidet når den tid kommer.

### **Revegetering**

Statoil har engasjert Rogaland Consultants a.s. for å lage et opplegg for hvordan naturen i best mulig grad kan tilbakeføres til det opprinnelige etter at anleggsperioden er over. Boknarane vil få en nærmere orientering om dette når prosjektet har kommet skikkelig i gang.

*GODT NYTT ÅR!*

# **BOKN NÆRINGSFORUM - HVA ER DET?**

## **HVA GJØR FORUMET?**

Næringsforumet i kommunen skal fremme næringslivets interesser. Ja, det heter i vedtektene at forumet skal være både et ideskapende, initiativtakende, sosialt og koordinerende organ.

## **STYRET I NÆRINGSFORUM**

I 1996 har styret i forumet vært: Sigmund Alvestad (formann), Kari Christensen (nestformann), Lars Steinar Øvrebø (kasserer), Svein I. Langhelle og Steinar Alvestad (styremedlemmer).

Varamedlemmer er Elisabeth Øvrebø, Annbjørn Bokneberg, Rune Øvrebø, Roger Aspen og Gunnar Bokneberg.

## **HVEM KAN DELTA?**

Både næringsdrivende, foreninger, organisasjoner, institusjoner og enkeltpersoner i Bokn kommune kan være medlemmer. Driften av forumet er basert på medlemskontingent og tilskudd fra kommunen.

## **AKTUELLE SAKER**

Næringsforum har styremøter med jevne mellomrom. På siste møtet, 13. januar sto forberedelser til årsmøtet i 1997 på dagsorden.

Styret er opptatt av Europipeledningen. Her kan det ligge mange muligheter for næringslivet i Bokn. Vi oppfordrer alle til å sette seg inn i den informasjonen som er laget om prosjektet, og møte på informasjonsmøter. - Ta gjerne kontakt med Næringsforum eller næringskonsulenten i kommunen hvis du har ideer eller ser muligheter i forbindelse med Europipe-prosjektet!

Næringsforum arbeider med muligheten for en tappestasjon for gass, bruk av disponibel masse fra anleggsarbeidene samt tilrettelegging og service i forbindelse med brakkeleiren.

Av andre saker kan det nevnes at Bokn Bygdeutvikling v/ kommunen har søkt om at Bokn blir forsøkskommune i et bygdeutviklingsprosjekt i samarbeid med Ås Landbrukshøyskole. Her ventes det snart en avgjørelse.

Ellers har vi tatt opp problemer knyttet til bruk av kommunens to fiskerihavner. Idag er det ikke plass til større båter. Saken er tatt opp med kommunen og Kystverket.

*Bokn Næringsforum*

*Kari Christensen*

## MINNEORD

Nanna Olaussen er død, 66 år gamal. Ho var fødd i Alta. Seinare flytte ho til Troms kor ho vart kjend med tilkomande ektefelle - Arne Olaussen som var sjømann. Dei fekk 6 barn saman og flytte i 1969 til Bokn kor dei bygde seg nytt hus. Nanna var sjølv einbarn.

Nanna Olaussen arbeidde i heimen. Ved sida av dette skreiv ho m.a. prologar, dikt og andre småstykke. Mykje av dette samla ho i ei diktsamling som ho ga ut i 1985 som vart kalla "Myke verdier".

Nanna Olaussen fekk etter kvart 10 barnebarn og 4 oldebarn.

Ektefellen Arne døde i 1983.

Nanna Olaussen hadde eit ope sinn og hadde lett for å koma i kontakt med folk.

I diktsamlinga si ga ho uttrykk for mange av tankane sine omkring medmenneske, natur og religion. Fleire av dikta ga uttrykk for røtene ho hadde til det nordnorske, m.a. diktet "Min identitet":

*Røtter av en karrig jord. Nordnorske aner  
ved far og mor. Midnattsolens gyldne skinn,  
brennemerket sjel og sinn.*

*Uten hemning på sti og vei, over ville  
fjell og hei, glad og lykkelig jeg sprang,  
i midnattsolens land.*

*Asfaltert er nå min vei. Midnattsolen ser jeg ei.  
Glansen av dens gyldne skinn, bar jeg alltid i mitt sinn.*



Elise Kro er død, 79 år gamal. Foreldra var Kirsten og Anders Kro, og dei hadde 6 barn - 5 jenter og 1 gut.

Elise vart gift med Ragnvald Kro i 1944, og dei tok over garden året etter.

Dei fekk 3 barn som alle har stifta familiar i Bokn.

Ektefellen Ragnvald døyde i 1993.

Elise gjekk som ung på Fana Folkehøgskule. Deretter gjekk ho på Sømme Husmorskule og arbeidde ei tid der som kjøkkenjente. Etter det gjekk ho ennå eit kurs ved Fana Folkehøgskule. Kri gsubrotet i 1940 sette punktum for vidare utdanning. Ho var vidare 3 år hushjelp hos sokneprest Aasen i Kopervik.

Etter at ho var gift og fekk barn hadde ho arbeidet sitt heime og på garden. Ho var også interessert og engasjert i frivillig arbeid som misjonsforening, pensjonistforening og ikkje minst sanitetsforeninga. Ho var også formann i sosialstyret i ein periode.

Elise hadde evnen til å skriva og framføra, og skreiv mange dikt, prologar og anna.

Ho kom lett i kontakt med folk, og var eit engasjert bygdamenneske som interesserte seg i det som rørde seg i tida.

Ho etterlet seg 3 barn, 9 barnebarn og 3 oldebarn.



## *MINNEORD, framh.*

**Ragna Våge, f. Jøsang er død, 83 år gamal. Foreldre var Regine og Laurits Jøsang. Det var 6 barn i familien, alle jenter. Ragna var nr. 3.**

**I ungdommen arbeidde Ragna som dei fleste andre jamnaldrande jentene som hushjelp på forskjellige plasser, m.a. i Tysvær og Stavanger.**

**I 1934 vart ho gift med Johannes P. Våge, og dei busette seg i Våga.**

**Dei fekk 4 barn. I dag bur 3 av desse i Bokn.**

**Etter krigen flytte Ragna og Laurits til til Ragna sin heimagard.**

**Ragna Våge arbeidde i heimen og på garden. I ein seinare periode arbeidde ho også på hermetikkfabrikken i Føresvik.**

**Ho var snar og dyktig til å arbeida.**

**I Hognalandkrinsen var ho tidlegare med i drifta av ein barneforening. Ho var også med i misjonsforeninga.**

**Ektefellen døydde i 1985.**

**Ragna Våge hadde godt humør. Ho var også ein gild nabo.**

**4 barn, 13 barnebarn og 13 oldebarn lever etter henne.**


## *NYTT FRÅ KYRKJA*

# **DU KAN FÅ SEI DI MEINING OM KYRKJE OG GUDSTENESTE**

Som nemndt tidlegare i bygdabladet vert det bispevisitas her i Bokn 21. og 23. mars. I det høvet er bispekontoret interessert i å få svar på ymse spørsmål frå den enkelte i kyrkjelyden.

Det vil derfor nå snart verte delt ut eit ark med spørsmål som det skal svarast på anonymt, og som skal sendast direkte til bispekontoret. Medlemmer av soknerådet vil kome rundt med desse. Det vil då også verte delt ut adressert og frankert konvolutt.

Skal det ha noko meining må mange svare, me vonar det.



Desse linjene for å minne om saka, så du ikkje vert altfor overraska når nokon bankar på døra.

Sigvart Våga.

# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORSdag : kl.10.00 - 13.30

## VAKSNE


Austen, Jane:  
Emma

Mahfouz, Naguib:  
Arabiske netter

Skagen, Fredrik:  
Rekyl

Stigen, Terje:  
Alt er slik det er

Torkildsen, Tor:  
På død manns kiste



## BARN/UNGDOM


Borøchstein, Ove:  
Fotballengelen

Hauge, Knut:  
Nei men, Sofus!

Knutsen, Sverre:  
Munn til munn

Pedersen, Erling:  
Sprite

Vestly, Anne-Cath.:  
Mormor og en dag til hos Rosa



## BARNETIME

BIBLIOTEKET INVITERER  
3 - 6 ÅRINGAR TIL BARNETIME  
ONSDAG 05.02.97 KL.17.00

# Ungdommens Kulturmonstring

Den lokale monstringa gjekk av stabelen søndag 26. januar, og denne gong var det fire sceneinnslag samt tre malerier. I år som i fjor hadde Geir Helge Christiansen meldt seg på med både bilder og sceneinnslag. Bokn har mykje å gå på når det gjeld bilder, skulpturar og anna handarbeid, særleg med tanke på skulen og den nye skulereforma.

Det var Bianca Alvestad og Daghild Grønnestad som starta det heile på scenen. Dei hadde denne gong laga til eit innslag med både song, keyboard og dans. Songen *Eternally* frå Which Witch av Benedicte Adrian og Ingrid Bjørnov med skikkelig heksestemning i form av lyseffektar og røyk gjekk over i frisk sambadans der Daghild Grønnestad hadde spela inn *Tico Tico* på førehand.

Anton Askildsen og Geir Helge Christiansen stod for dei neste to innslaga, og dei hadde tatt fantasien sin med seg inn i reklameverda. Dette var morosame innslag som sette eit flott preg på forestillinga. Sist ut var sju jenter frå 7. klasse med sitt sjøllaga dramastykke *sjuk*. Dette var med små forandringar det same innslaget som hadde suksess på skulen si juleavslutning i fjor.

Reglane for antall deltakarar og antall sceneinnslag/malerier, osv. kommunane får senda vidare til fylkesmonstringa er i år forandra. Det er nemleg deltakarantallet på dei lokale monstringane som avgjer

dette, og p.g.a. litt lav deltaking her i kommunen i år fekk Bokn berre senda eit sceneinnslag og eit bilde vidare.

Juryen plukka ut bildet *Handa Til Ein Syndar* til utstillinga i Tysvær. Val av sceneinnslag var ikkje så lett, men det blei *sjuk* med Monica Lindanger, Kirstin Hosaas, Hanna Aksdal, Cecilie Larsen, Elise Marie Tollaksen, Ellen Elise Ognøy og Susanne Grønnestad som skal representera Bokn på scenen i Tysværtunet kulturhus 15. eller 16. mars.

Eit av måla med ungdommens kulturmonstring er at deltakarane skal utvikla seg vidare ut i frå den konstruktive kritikken dei får frå juryen. Nå har me også lukkast i å få profesjonell hjelp til utvikling i drama, og dei sju jentene som nå skal jobba vidare med stykket sitt skal til Gamle slakthuset i Haugesund på kurs før fylkesmonstringa i Tysvær. Ein stor takk til juryen som denne gong bestod av Tone Høyland, Venevil Birkelund og Lene Jensen. Sistnemnde var ungdommens representant, og stod også for utdeling av diplomar, som for første gong hadde kome tidsnok til den lokale monstringa. I tillegg til dei 11 som tidlegare er nemnde, fekk også Kjartan Jensen diplom for sitt ansvar med lyden, lyset og anna scenearbeid.

Me ynskjer lykke til på fylkesmonstringa!

- kulturleiaren -

||

## OMORGANISERINGA I KOMMUNEN: ENDRINGAR I BYGDABLADET

Bokn kommune er inne i ein omorganiseringsprosess som også medfører endringar for bygdabladet. For det første vil bladet få ny redaktør.

Ein vil bruka den første tida som ein overgangsperiode for å få dei nye strukturane på plass. Det vert difor ein gradvis overgang kor nåverande redaktør har hovudansvar inntil den nye tar heilt over.

Kommunestyret vedtok i 1988 driftsform og organisering av Bokn Bygdablad. Her vart det vedtatt at kultursekretæren skulle vera ansvarleg redaktør av Bokn Bygdablad.

Etter den nye organisasjonsmodellen er kultursektoren i eigen seksjon med Jardar Havikbotn som leiar. Denne leiarfunksjonen vil tilsvara det som tidlegare var kalla kultursekretær i Bokn. Det er difor Jardar Havikbotn som nå etter ei overgangsordning vil bli redaktør i bygdabladet. Han har arbeidd i Bokn som m.a. rektor for musikkskulen frå 1986. I perioden 1994 og fram til i dag har han etter eit vedtak om midlertidig omorganisering også vore kulturleiar. I denne perioden har han vore ein aktiv medspelar når det gjeld bidrag til bygdabladet.

### *Bygdblads frå 1985*

For eigen del har eg hatt ansvar for bygdabladet frå 1985 då eg tok initiativet til å prøva det ut. Det var

nok dei som ikkje trudde at det kunne vera tilstrekkeleg med stoff til å fylla


## BOKN BYGDEBLAD

---

PROVENUMMER oktober 1985

---

### Når kjem kombibygget ?



3120 VIL kombibygget bli seg ut mot sjøen og kommunestyret.

Norge lever på ber langt uta ut av kassen når det gjeld planene for utbygging av kombinert kommunestyre. Kommunestyret som Peder Espeland har utarbeidd er svært spennende og i stil med utbygging. Det er bygd på det byggte i 1986 og vil bli utbygget på 10-15 mnd. Det vil seinast bli kombinert med ein ferdig kommune 1997.

**Les:**

HAU OG BOKN FOR BYGDABLAD a.s. BOKN VARDHUVSTILLING 0 11.  
BOKNBYGDEBLAD a.s. 10. BILDEBYGGING a. s.  
FOR BYGG OG BYGGING a.s. 9 og 10. UTSKRIKING 1995 I BOKN a.s.  
TV - ILLUSTRASJON BYGGINGSLØSING OG PROJEKTERING BOKN a.s.

eit blad i ei så lita bygd 10 gonger i året. Det som har vore realiteten, er at det kunne ha vore stoff til både fleire, betre og fyldigare blad. Begrensinga har vore tid - og pengar. Dersom meir tid kunne vore avsett til dette arbeidet, og ein kunne brukt meir pengar til trykking, bruk av bilete m.v., ville me nok hatt eit betre produkt.

### *Tid for skifte*

Eg trur nå at det kan vera godt med eit skifte av redaktør. Det er dei som ikkje likar slike skifte, men ofte viser det seg at slike endringar er til det gode. Ingen er uerstattelege. Eventuelle endringar på format og det å gjera det muleg å få bilete i bladet vil også sikkert vera av det positive.

## **ENDRINGAR I BYGDABLADET**

*framh. frå s. 12*

Det er nå likevel viktig at bladet held seg på eit nivå som gjer at det blir lesverdig, at boknarane ser fram til kvar utgåve, og eg er ikkje redd for at dette ikkje blir innfridd.

For eigen del vil eg etter redaktørskiftet halda fram med å yta bidrag til bygdabladet, men det blir ikkje same "plikta" for meg som før.

Dersom eg i desse åra ikkje hadde funne gleda i å skriva, hadde eg aldri kunna halde ut med å leggja så mykje tid i dette. Alle er nok ikkje heilt klar over kor mykje tid det går med å gi ut sjølv eit mini-bygdablad som vårt.

I hovudsak trur eg at bygdabladet har bidratt positivt til samhald og identitet i bygda. Eg veit at mange, særleg utflytta boknarar, har hatt dette som eit viktig bindeledd til Bokn. I bygda har eg inntrykk av at det særleg er dei som ikkje har så lett for å koma seg ut som er mellom dei som har hatt mest utbyte av bladet. Eg har også hatt kontakt med folk som har vore mindre nøgde med ting som har vore skrivne. Men misnøya har ikkje vore større enn det

ein normalt kan forventa. Og slik må det vera. Ein prøver å få fram nytt, særleg om lokale forhold, og det kan bli ting som ikkje alltid fell i god jord hos alle.

Eg har bevisst lagt vekt på at bladet skulle vera folkeleg og lett forståeleg for dei fleste. Denne balansen med eit lite, og for kommunen rimeleg bygdablad, men "godt nok" for dei fleste, har ofte vore litt vanskeleg. Men i og med at det også hos oss i trange periodar har vore snakka om nedlegging av bygdabladet, har det vore nødvendig å halda kostnadene nede. Det blir også framover viktig å halda utgiftsnivået på eit nivå som kan akseptrast. Ein treng ikkje gå lengre enn til nabokommunen sør over fjorden for å finna eit bygdablad som har økonomiske problem. Eg synes det er fint at kommunen har eit felles organ kor alle kan sleppa til innafør dei grensene som er oppsette. Kommunen har plikt til å informera. Likevel at den effekten som me kan kalla identitet og samkjensle i bygda og kommunen like så viktig.

Ra

## **MEIR LIBERAL ALKOHOLPOLITIKK I BOKN**

Bokn kommunestyre vedtok før jul at Arsvågen møte- og selskapslokaler skulle få alminneleg skjenkeløyve for øl og vin. Vedtaket vart gjort med 12 mot 5 røyster. Det vart vidare vedtatt å oppretta ambulerande skjenkeløyve for brennevin i kommunen. Dette vart vedtatt med 13 mot 4 røyster.

Tidlegare har det berre vore skjenkeløyve for øl og vin i Bokn til slutta selskap. Kommunen har tidlegare ikkje hatt noko form for skjenkeløyve for brennevin.

## IDRETTSLAGET VIL HA KLUBBHUS

Årsmøtet i Bokn idrettslag vedtok den 15. januar å satsa på å byggja klubbhus på ei 3 mål stor tomt aust for idrettsbanen.

Det er nå for seint å søkja om tippemidlar i 1997, men idrettslaget vil nok trenga dette året til å vurderer nøyare kor stort huset skal vera, korleis det skal finansierast, romprogram, søknad og behandling om kommunale midlar m.v. Ei gruppe er nedsett til å arbeida vidare med saka.

Total kostnad for eit klubbhus vil sjølvstapt variera med storleik på huset, men ein har utgangspunkt i ein brutto kostnad på 1.76 mill. kroner. Ein reknar med å få rundt kr. 770.000 i tippemidlar. Det resterande må dekkast ved eigne midlar, dugnad, kommunalt bidrag, lån og gåver.

Idrettslaget fekk elles desse i styret:

Formann: Liss Sæbø

Sekretær: Marit Elin Våge

Materialforv.: Jan Kristian Jøsang

Kasserar: Arne Hosaa

Ungdomskontakt: Trond Almås

Styremedl.: Artur Trosnavåg

Varamedl.: Trond Foss

" Tor Harald Alvestad

Styret har i 1996 hatt 13 styremøte pluss eit almannamøte. I 1996 har Bokn idrettslag hatt eit medlemstal på 164.

Av aktivitetar i 1996 har det vore drive med *volleyball* både for menn og kvinner. Vidare har det vore *idrettsskule/barnetrim, Vårsleppet, Norgesmarsjen* og *Firebruersløp/Bruamarsj den 30.06*. Dessverre var deltakinga på denne siste marsjen mindre enn tidlegare, sannsynlegvis p.g.a. regn og dårleg ver.

Idrettslaget har stilt med 4 lag i aldersbestemte klassar i 1996. det er *Minilag, Lilleguttlag, Småguttelag og Guttelag*. Idrettslaget har elles stilt med A-lag i 7. divisjon.

*NORWAY-CUP* sommaren 1996 på Ekebergsletta i Oslo var nok høgdepunktet for spelarane på Lilleguttlaget (11-12 år). Sjølv om dei tapte dei 3 første kampane, vann dei til slutt klart over puljevinnaren med 3-1. Det viste at dei trong tid på seg til å tilpassa seg uvante forhold. I serien vann lilleguttlaget frå Bokn si pulje i år.


Idrettslaget arrangerte elles to ordinære dansearrangement i 1996. I tillegg hadde idrettslaget dansearrangementet 17.mai. Her var det foreldra til Norway-Cup spelarane som gjorde ein innsats for delfinansiering av turen. Idrettslaget hadde også eit ekstra arrangement på sjøhuset hos Steinar med Johannes Kleppevik.

Ein bingo på våren og ein på hausten vart arrangert.



Direktoratet for  
brann- og  
eksplosjonsvern

Test røykvarsleren din, nå!



Statistikken forteller oss at 98% av norske husstander har røykvarslere og at nordmenn derfor lojalt følger brannforskriftenes krav. Men vi er på langt nær flinke nok til å teste røykvarsleren og skifte batteri. En undersøkelse viser at kun 18% av husstandene tester røykvarsleren månedlig, slik det er anbefalt. 41% opplyser at de tester hvert halvår, 29% en gang i året mens resterende 12% sjelden eller aldri tester røykvarsleren.

Nå må vi skjerpe oss kraftig, mener Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern, Norsk Brannvern Forening og Gjensidige Forsikring, som minner om at den 31. januar er "Røykvarslersens dag". Det er den dagen i året vi skal lette vår samvittighet på flere måter; vi skal levere inn selvangivelsen og vi skal teste røykvarsleren. Skulle røykvarsleren ikke virke, ja, da må vi skifte batteri med en gang. Utsett ikke innkjøp av nytt batteri! Dessverre er det noen som gjør det. Da representerer røykvarsleren en falsk trygghet og er ikke i stand til å varsle oss hvis det oppstår brann når vi sover.

I fjor omkom 69 personer i brann i Norge. Den siste 10-års perioden har 649 personer omkommet. Svært mange kunne ha berget livet dersom de hadde hatt en røykvarslere som fungerte. Det er sagt før, men det skader ikke å gjenta det; Røykvarsleren redder liv. Derfor må vi sørge for å holde den vedlike. Det kan bety redningen for oss selv og vår familie.

## SLEKTERS GANG

### FØDDE:

15.02.96: Atle Jøsang og Anita Knutsen:  
*Henriette Knutsen Jøsang*  
02.07.96: Leif og Dagny Kjellesvik:  
*Niklas og Tommy*  
02.07.96: Tormod og Mona Våga:  
*Ruben*  
21.09.96: Terje Hognaland og Gunn  
Gismarvik: *Jone Hognaland*  
24.12.96: June Krø og Louis Medhaug:  
*jente*  
14.01.97: Dag Atle Øvrebø og Gry  
Kvinnesland Øvrebø: *gut*

### DØDE:

06.08.96: Lars Søndeland  
04.09.96: Elise Karen Nedrebø  
15.10.96: Bjørn Jøsang  
25.10.96: Øystein Trosnavåg  
09.12.96: Elise Kro  
18.12.96: Nanna Olaussen  
08.01.97: Ragna Laurentse Våge

PRISAR FOR LEVERANSE AV AVFALL PÅ TORANESET RENOVASJONSPASS  
FRÅ 01.01.97.

### IKKJE SORTERT PRODUKSJONSAVFALL:

T.D. RESTAVFALL FRÅ KONTOR OG FORRETNINGAR,  
NÆRING OG INDUSTRI-VERKSEMDER O.L.: PRIS kr 400,- pr. tonn.

### SORTERT PRODUKSJONSAVFALL:

Som kan nyttast av Toranaset til ombruk eller attvinning:

PRIS:

TREVRISKE:

KR 120,- PR. TONN.

STÅL OG DIVERSE METALLER:

KR 120,- PR. TONN.

AVVATNA SLAM OG VOMFYLL FOR KOMPOSTERING

KR 150,- PR. TONN.

SORTERTE FRAKSJONAR SOM IKKJE KAN NYTTAST

PRIS:

BLÅSESAND

KR 150,- PR. TONN.

ASBEST/ETERNITT

KR 400,- PR. TONN.

PRISANE ER UTAN MOMS.

UNNTAKSVIS KAN NEVNAST:

PERSONBIL, STASJONVOGN, FRÅ PRIVATE:

GRATIS

PERSONBIL M TILHENGAR PICK UP FRÅ PRIVATE

GRATIS

SPELIALAVFALL, SPILLLOLJE OG BILBATTERI FRÅ PRIVATE

GRATIS

NB! TRAKTOR M/TILHENGAR, STOR VAREBIL MÅ OG BETALE ETTER VEKT.

HAR DU SPØRSMÅL OM AVFALLSHANDSAMING, TA KONTAKT!

TORANESET RENOVASJONSSKAP

TELEF: 53762474 TELEFAX: 53762627



**TORANESET**  
RENOVASJONSSKAP



## BRUKSHUSET ANNKLAR

Etter 10 år har me nå bestemt å avvikla drifta. Omsetnaden har i lengre tid vore så dårleg at me ikkje lengre ser nokon grunn til å halde ope. Dei som eig varer eller har pengar tilgode kan henta desse laurdag 8. februar mellom kl. 10 - 12.

Med helsing *Brukshuset.*

# BUSTØNAD

**Frå 1. januar 1997 er tilskot til reduksjon av buutgifter samordna med bustønadsordninga.**

**Bustønad 1. termin 1997 gjeld for perioden januar til og med april 1997.**

Tilskot til reduksjon av buutgifter for attlevande-, uføre- og alderspensjonistar er samordna med den statlege bustønadsordninga frå 1. januar 1997. Samordninga av butilskot og bustønad er basert på den tidlegare bustønadsordninga, men skal også vareta målsetjinga frå den tidlegare butilskotsordninga om inntektsutjamning for attlevande-, uføre- og alderspensjonistar.

Ordninga skal dekkje barnefamiliar, attlevande-, uføre- og alderspensjonistar og visse andre grupper trygda. Ordninga er behovsprøvd og er eit bidrag til husstandar med låge inntekter og høge buutgifter. Likningsinntekta blir normalt lagt til grunn for utrekninga. For 1997 blir skattelikninga for 1995 brukt. Ved inntektsreduksjon kan Husbanken i særskilde tilfelle godkjenne at inntekta i bustønadsperioden blir lagt til grunn for

utrekninga. Storleiken på bidraget er avhengig av inntekta og buutgiftene til husstanden. I tillegg til behovsprøvinga blir det stilt enkelte krav til bustaden og husstanden. Utbetalinga skjer tre gonger i året.

Det skal leverast éin søknadsblankett. Tidlegare mottakarar av bustønad som i siste halvdel av januar får ein førehandsutfyllt søknadsblankett treng ikkje levere ny søknad, men må melde frå om eventuelle endringar til kommunen.


Nye søkjarar og dei som tidlegare har fått butilskot (som ikkje samtidig har fått bustønad), må levere søknadsblankett til kommunen innan 10. februar. For andelshavarar i burettslag, skal søknaden leverast innan 2. februar til forretningsføraren i burettslaget.

Innrykt av Statens informasjonstjeneste A-5/97

Meir informasjon om dei nye reglane får du ved å kontakte kommunen (i Oslo: bydelane). Der får du også søknadsblankett og eventuelt hjelp til å fylle ut blanketten.



Husbanken



# ÅRSMØTE I BOKN MUSIKKORPS

- gav ikkje svar på spørsmålet om speling 17. mai -

Bokn musikkorps hadde årsmøte 28. januar, og forutan vanlege årsmøtesaker stod 17.mai-speling for første gong på sakslista. Dirigent Anne Beathe Vargervik snakka om sit iasjonen i korpset, og la fram meininga til musikantane. Korpset har opplevd at fleire har kome til etter jul, og det har m.a. blitt sagt at tanken på ein 17.mai utan korps har ført til at enkelte har kome tilbake til korpset. Dette er veldig positivt!

På årsmøtet kom det innspel om at korpset i Bokn ikkje måtte bli eit prosjektkorps som alltid fekk eit korps på beina berre ein ringte litt rundt omkring - slik som det har vore dei siste åra. Musikantane vil sjølsagt heller ikkje at dei berre er fullt korps i nokre veker før eit stort arrangement. Andre på årsmøtet advarte mot at korpset gravde si eiga

grav, og meinte det ville bli svært vanskeleg å bygga opp att eit nedlagt korps.

Bokn musikkorps er ganske bra besatt, på papiret. Det er sjelden alle er på øvingane på ein gong p.g.a. skiftarbeid, og det er vanskeleg å få det rette musikalske inntrykket av musikkstykkka. Speling 17.mai er mykje avhengig av ei spesiell instrumentgruppe, nemleg bass.

Årsmøtet vedtok at musikantane avgjer sjølve om det blir speling 17. mai, og oppfordrar samtidig til omorganisering i korpset.

Det gjenstår enno å sjå om det blir korpsmusikk i toget 17.mai.....

- kulturleiaren -

## *SUSANNE FEKK SVAR FRÅ VEGVESENET MEN INGEN LOVNAD OM LYS PÅ BRUA*

Bygdabladet skreiv for ei tid sidan om brevet til Vegvesenet som 13 år gamle Susanne Grønnestad sende til vegvesenet med spørsmål om det ville koma lys på Boknasund bru. Det var så mørkt når ungane skulle over brua for å gå på speidaren.

I svaret frå Haugesund trafikkstasjon skriv distriktsleiar Rune Sandven at det i si tid blei laga ein belyningsplan frå og med krysset på Austre Bokn til over brua, og at det vart bygd inn utstyr i brubana slik at det kan setjast opp lys, sjølv om dette ikkje var planlagt då brua vart bygd. Det var imidlertid ikkje pengar til å fullføra arbeidet med belysning. I dag vil det kosta rundt kr. 300.000,-.

Saka vil bli lagt fram for vegkontoret i Stavanger, men vil konkurrera med mange andre ynskje. Tida vil visa korleis det går.

**KOMMUNESTYREMØTE 1997**

	Dato/Altern.dato	Tema
1.	14. januar	
2.	4. mars	Kommuneplan
3.	29. april	Rekneskap - årsmelding
4.	17. juni	Økonomiplan
5.	9. september	
6.	28. okt. / 4. nov.	
7.	16. desember	Budsjett

**FORMANNSKAPSMØTE 1997**

	Dato/Altern.dato	Tema
1.	8. januar	Kommuneplan/fellesmøte
2.	29. januar	" "
3.	11. februar	
4.	11. mars	
5.	1. april	
6.	15. april	
7.	6. mai	
8.	3. juni	
9.	19. august	
10.	23. september	
11.	14. oktober	
12.	4. november	
13.	25. november	
14.	2. desember	

**DRIFTSSTYREMØTE 1997**

	Dato/Altern.dato	Tema
1.	30. januar	
2.	13. mars	
3.	17. april	
4.	29. mai	
5.	26. juni	
6.	21. august	
7.	25. september	
8.	30. oktober	
9.	27. november	

**FORVALTNINGSSTYREMØTE 1997**

	Dato/Altern.dato	Tema
1.	8. januar	Kommuneplan/fellesmøte
2.	29. januar	" "
3.	12. mars	
4.	16. april	
5.	28. mai	
6.	25. juni	
7.	20. august	
8.	24. september	
9.	29. oktober	
10.	26. november	

# KOMMUNALE GEBYR 1997 BOKN KOMMUNE

Årsaka til den store auken i årsavgift på vatn er at avgiftene skal dekke opp kapital- og driftsutgifter.

AVGIFTER TEKNISK SEKTOR	GEBYR -96	RÅDM. %	BELØP	GEBYR 97 AVRUNDA
<b>RENOVASJONSAVGIFT</b>				
<b>Årsavgift</b>				
Bustadeigedom	960,-	-6%	902.40	900,-
Hytteiegedom	550,-	-6%	517,-	515,-
<b>VANNAVGIFT</b>				
<b>Tilknytningsavgift</b>				
Minsteavgift inntil 150 m <sup>2</sup>	15.500,-	0%	15.500	15.500,-
Avgift for areal utover dette pr. m <sup>2</sup>	75,-	0%	75,-	75,-
<b>Årsavgift:</b>				
Hus: Minsteavgift for innt. 250 m <sup>3</sup> forbruk	1.200,-	20%	1440,-	1440,-
Hytter: Minsteavgift for innt. 125 m <sup>3</sup> forbr.	590,-	20%	710,-	710,-
Forbruk utover dette pr. m <sup>3</sup>	3.70,-	20%	4,44	4,45
<b>KLOAKKAVGIFT/SLAM</b>				
<b>Tilknytningsavgift</b>				
Minsteavgift (hus inntil 150 m <sup>2</sup> )	15.500,-	0%	15.500,-	15.500,-
Avgift for areal utover dette pr. m <sup>2</sup>	28,-	0%	28,-	28,-
<b>Årsavgift:</b>				
Hus, avrenning for inntil 250 m <sup>3</sup>	950	20%	1.140,-	1.140,-
Hytter, avrenning for inntil 125 m <sup>3</sup>	470	20%	564,-	564,-
Slam	440,-	0%		440,-
<b>Tomtepriser:</b>				
Alvestad - pris pr. m <sup>2</sup>	65.00			65,-
Føresvik - pris pr. m <sup>2</sup>	44.00			44,-
<b>PLAN OG BYGGESAKSBEHANDLING- PBL § 109</b>				
<b>Gebyr for behandling av bygge- og delingssaker og reguleringsplaner for hytter og naust til fritidsformål</b>				
Søknad om byggeløyve og kontr.	1.560	5%	1.638	1.640,-
Søknad om frådelling av tomt	832	5%	873.60	875,-
Beh. av priv. regul.pl./bebyggelsesplaner	2.600	5%	2.730	2.730,-
Søknad om bruksendring	1.500	5%	1.575	1575,-
Utarbeiding av situasjonskart 0-2000m <sup>2</sup>	1.248	5%	1.310	1.310,-
2000-3000m <sup>2</sup>	1.560	5%	1.638	1.630,-
3000-5000m <sup>2</sup>	2.080	5%	2.184	2.185,-
<b>Gebyr for kart og oppmåling : Bokn kommune vedtek å auke regulativet for oppmålingsarbeider med 5% frå 1996 til 1997. Jfr. justert regulativ</b>				

AVGIFTER HELSE- OG SOSIAL	GEBYR -96	RÅDM. %	KR. PR. T./ BESØK	GEBYR 97 AVRUNDA
<b>Heimesjukepleien og praktisk hjelp i heimen:</b>				
Inntil 2G	26	4%	27,-	27,-
2G-3G	31	4%	32.24	32,-
Over 3G	46	4%	47.84	48,-
<b>Maksimalt vederlag - utgiftstak</b>				
Inntil 2G	600			600,-
2G-3G	6.000			6.000,-
Over 3G	9.000			9.000,-
Utgiftstaket skal fylgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.				
				32,-
<b>Levering av varm mat</b>	31	4%	32.24	
<b>Opphald ved sjukestova Korttidsopphald</b>				
Døgnopphald	80			80,-
Dag/natt	40			40,-
Satsene skal fylgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.				

**BARNEHAGEN**    OPPHALD    MAT

5 vekedagar	2575.00	153.00
3 vekedagar	1545.00	93.00
2 vekedagar	1030.00	61.00

**SYSKENMODERASJON**

30% av det rimelegaste opphaldsalternativet og gis samla for barn i barnehagen og barn i fritidsordninga.

**MUSIKKSKULEN:**

Einetime: kr. 800,-

Elles auke på 3% på øvrige aktivitetar.

**SYSKENMODERASJON**

Vert gitt med 30 % på den rimelegaste aktiviteten.



**BOKN KOMMUNE**

gjør herved kjent som forskrift etter forvaltningslovens § 38 at Bokn kommunestyre har gjort vedtak i medhald av skattelovens § 139, om at det ved forskottutskrivning av skatt til kommunen for 1997 skal nyttast 11.50% på inntekt og 10 o/oo på eiga

**Eigedomsskatt for 1997:**

Med heimel i eigedomsskattelovens § 2 og 3 har Bokn kommunestyre vedteke å utskrive eigedomsskatt for Bokn kommune for 1997. Eigedomsskatten vert skriven ut på verk og bruk i samsvar med eigedomsskattelovens § 4. Skattetaksten for 1997 vert sett til 2 o/oo.

Bokn formannskapskontor,  
15.01.97



**BOKN KOMMUNE**  
4290 BOKN

**LEDIGE STILLINGER SOM DELTIDS  
BRANNMANNSKAP**

Bokn brannvesen har ansvar for brann-og redningstjenesten i kommunen. Mannskapsstyrken består av 17 personer som alle bærer en personsøker som mottar eventuell brannmelding fra Haugesund brannstasjon. Mannskapene er ikke pålagt vakt.

Det er ledig 5 stillinger som DELSTIDSBRANNMANNSKAP ved Bokn brannvesen. Søkere må være fylt 20 år, ha førerkort og helst bo innenfor en radius fra stasjonen hvor kjøretiden ikke overstiger 5min.

De som tilsettes må være villige til å gjennomgå en helsekontroll og nødvendig opplæring. Noe opplæring vil foregå på fritid.

Opplæringen vil også omfatte røykdykkertjeneste.

Mannskapene samles 6-10 ganger pr.år for øvelse i tillegg til utrykninger.

Fast godtgjørelse er for tida kr.6200,- pr.år i tillegg til timebetaling under øvelser og utrykninger.

Framtidig organisering av brannvesenet er for tiden til vurdering.

Omorganisering kan medføre at mannskapsstyrken skal reduseres igjen.

Ansettelse skjer ellers på de vilkår som gjelder mellom Norske kommuners sentralforbund og kommunene for «frivillige brannmannskaper».

Søknad må være sendt Bokn kommune v/brannvesenet innen den 17.02.97 og den skal inneholde opplysninger som er relevante for stillingen.

Spørsmål kan rettes til brannsjefen på telefon 52748500.

**BRANNSJEFEN**

## **BOKN NÆRINGSFORUM - ÅRSMØTE**

Vi innkaller til årsmøte: Alle velkommen

TID: MANDAG 10.02.97 kl 19.00

STED: SJØHUSET, ALVESTAD.

### **SAKSKART**

1. Velkommen. V/formann
  - Eventuelle merknader til innkalling
  - Valg av to personer til undertegning av årsmøteprotokoll
2. Statoil orienterer om Europipe II. v/ Magnus Solberg.
  - Hva innebærer gassledningen av muligheter for næringslivet i Bokn. Solberg har erfaringer fra flere andre utbygninger.
3. Godkjenning av årsmelding, regnskap og budsjetter
4. Valg
5. Eventuelt  
Bl.a.
  - Orientering om Skole-Næringslivsprosjektet. v/ Åse Brathammer
  - Arbeid med fritidsaktiviteter som kan oversendes Statoil for bruk både med hensyn til Europipe II og Åsgard.

Vi ber om påmelding til Sigmund eller Stein innen fredag 07.02.

Bokn 28.01.97

Vennlig hilsen

Sigmund Alvestad  
Formann

Stein Alendal  
Sekretær

BOKN  
KOMMUNE



### **Hybel til leige**

Det er hybel til leige i kommunal bustad i Alvestadkroken.

Interesserte kan venda seg til teknisk etat innan 15. februar 1997

### **Leilighet til leige**

Det er leilighet til leige i kommunal bustad på Boknaberg. Interesserte kan venda seg til teknisk etat innan 15. februar 1997.

Poteter til salgs - tlf. 52 74 84 61

### **BILLIG TIL SALGS:**

Tremerder (ca.200m 2x4 imp.plank)  
Flytebrygger, ulike lengder  
Gamle poser og not  
Blytau  
Fôrsilo

**Loden Laks A.S.**

**Tlf. 52 74 86 65 eller 94 61 55 09**

## **BOKN FYSIOTERAPI**

*Geir Austvik*  
tlf.52 74 85 00

**Åpningstider:**  
**onsdag og annankvar laurdag**

- Lær avspenning
- Lær gode arbeidsstillingar
- Reduser muskelspenningar
- Få mindre smerter

**Ta gjerne direkte kontakt**

### **INTERESSERT I SNOOKER ELLER DART?**

Keith Foster lurar på om noen er interessert i å starte klubb for snooker- og dart-spill. Han savner en slik treffplass i Bokn. Det kan også være rom for andre spill/sosial treffplass. De som er interessert kan kontakte ham.

### **VIKTIGERE**

Det er viktigere å hilse høflig på sin bestemor enn å surfe på Internett.  
**-Ole Henrik Magga - sametingspresident-**

## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf.52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

### **BYGDABLADNEMND:**

Arvid K. Jøsang, Eli Kro

Reidun Grønnestad

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 300,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonsar: kr. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

## Bokn folkebibliotek

HER

### ARRANGEMENT:

- 05.02: Barnetime på biblioteket  
kl. 17.00 for barn 3-5 år.
- 06.02: Orienteringsmøte på  
bedehuset for konfirmant-  
foreldre
- 6/7.02: Møte, Evangelisten, Bokn  
bedehus kl. 19.30
- 8/9.02: Kurs på Hognaland - arr:  
BORK
13. - Møte, Indremisjonen, Bokn  
16.02: bedehus kl. 19.30.
- 15.02: Dans med **REBELLS**, arr:  
Bokn idrettslag
- Veke 8 - Vinterferie Bokn skule
- 25.02: Speidarbasar, Bokn bedehus
- 26.02: Årsmøte i Bokn  
Sanitetsforening
- 27.02: Pensjonistforeningen har  
møte kl. 17.30 - Allrommet

### **LENSMANN**

*Det er slutt med faste kontordagar  
for lensmannen i Boknatun.*

*Lensmannen har kontor i  
Aksdalssenteret - tlf. 52 77 54 80*

### **LANDBRUKSKONTORET**

*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**Ordføreren** er å treffa på Boknatun  
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00



- 09.02: kl. 11: Familiegudsteneste v/  
Arne Aurdal. Utdeling av bibel  
til 4. klasse. Offer til Bibelselsk.
- 23.02: Merk endring av tida til kl. 19.  
Gudsteneste v/ prost Øystese.  
Offer til Indre sjøm. misjon.

### **FOTTERAPI**

Kvar onsdag. Påmelding i  
tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen

### **HELSESTASJONSDAG**

Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.  
Helsestasjonen er stengd månd. 24. febr.  
**Marie Løvoll Faye**  
helsesøster

Takk for all deltakelse ved Nanna  
Olaussens gravferd.

*Familien*

Hjertelig takk for all medfølelse og  
blomsterhilsener ved Ragna Våges  
bortgang

*Familien*

Hjarteleg takk til alle som kom meg  
ihug på 80 års dagen.

*Helsing Målfrid Kro Trosnavåg*